

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

F. Erkebispegarden

[**891**] *ERKEBISPEGARDEN IV.* (Tidlegare omtala: NOR 1995: 15.)

Innskrifta står på (mellomalder)kapitel, innsett i midtpillaren i bogegangen under den utvendige trappa inn mot gardsplassen. Kapitelet er innsett der det står i samband med nyare restaureringsarbeid. Etter opplysingar frå Fischer vart kapitelet funne ved utgraving i fyllmasse sør for vesthuset i erkebispegarden (Fischer 1977: 17 m/illustrasjon). Runene står i øvre kant av første felt til høgre for frontfeltet inn mot gardsplassen av det åttekanta kapitelet, 13 cm over nedre kant, om lag midt i. Innskrifta er 19 mm lang og runene 18-19 mm høge. Dei er rissa med svært skarp, tynn reiskap og er godt synlege. R. 1 har stav med kvist om lag frå midten og ned til venstre. På høgre side står ein liten, trang boge midt på. R. 2 har stav med avrunda boge som dekkjer markert større del av staven enn tilfellet er med den på r. 1. R. 3 har stav med skarpt vinkla boge litt over midten. det er ingen spor av kvist i samband med bogen. R. 4 har stav med litt krum kvist ned til venstre:

†þ þ þ †

ap þ þ a

Sekvensen med desse fire runene gir inga innlysande språkleg meining. Det kan sjølvsagt vera at tre *þurs*-runer innråma av to *ár*-runer inneber noko meir enn tilfelleleg krot. Men koden synest i så fall likevel lukka for oss i dag. Påfallande og litt mistenkeleg er det at dei tre *þurs*-runene har så ulik form. dei er så ulikt rissa at det mest kunne tyda på ulike hender - utan at det fører oss nærare noka løysing. Innskrifta står slik til at ho har vore godt verna for vêr og vind, same kvar kapitelet opphavleg har stått. Det er ingen grunn til å tru anna enn at ho er frå mellomalderen, jamvel om grunnlag for nærare tidfesting enn det ikkje ligg føre.